

REPPEN BARNEHAGE AS



2026/2027

Innhold

1	Innleiing til årsplanen.....	2
2	Kort om oss	2
3	Visjon og verdigrunnlag.....	3
4	Formål og innhald	3
5	Leik, utforsking og livsmeistring som grunnlag for livslang læring	3
5.1	Grunnlag for livslang læring	3
5.2	God omsorg og autoritativ vaksenrolle	4
5.3	Medverknad i leik og pedagogisk innhald.....	5
5.4	Leik er sjølv livet.....	5
5.5	Utforskande pedagogikk som grunnprinsipp.....	6
5.6	Livsmeistring – å meistre livet slik det er.....	7
5.7	Strategi for å hindre utanforskap og krenking.....	9
5.8	Språket – Viktig for barnet no og i framtida	9
6	Gode overgangar – frå det kjente til ukjente.....	11
6.1	Å starte i barnehagen.....	11
6.2	Overgang frå Jungelen til Sumpen	11
6.3	Overgang barnehage- skule	11
7	Kultur og tradisjonar i Reppen barnehage	12
8	Årshjul	14
9	Samarbeid mellom heim og barnehage	15
9.1	Foreldrerådet, Foreldreutvalet og Samarbeidsutval	16
10	Barnehagen som pedagogisk verksemd.....	16
10.1	Planlegging:.....	16
10.2	Dokumentasjon.....	16
10.3	Vurdering	17

1 Innleiing til årsplanen

Barnehagelova og rammeplanen for barnehagar (2017) ligg til grunn for alt arbeidet i barnehagane. Kvalitetsutviklingsplan for Osterøy-barnehagane 2023-2026 tek for seg status og utfordringar i samfunnet og i barnehagesektoren, og med utgangspunkt i desse utfordringane beskriv planen våre lokale tilpassingar til rammeplanen.

Denne årsplanen beskriv korleis vi i Reppen barnehage skal arbeide med kvalitetsutvikling inneverande barnehageår for å nå målsettingane for Osterøy-barnehagane. Årsplanen har fleire funksjonar. Den skal vere eit arbeidsdokument for oss og den skal vere til informasjon til foreldre og andre samarbeidspartnarar.

Barnehagen vil i tillegg utarbeide planer for kortare tidsrom, tilpassa kvar enkelt barnegruppe i barnehagen.

2 Kort om oss

Reppen barnehage AS ligg sentralt til på Valestrand og er ein barnehage med to baser. Jungelen som er for dei yngste (1-3 år) og Sumpen som er for dei eldste barna (3-6 år). Vi har store, opne baser med mange gruppe-/leikerom.

Barnehagen har også ein stor felles sal, elefantsalen, der det er gode moglegheiter for motorisk lek og fysisk utfolding.

Basane er igjen delt inn i grupper: apekattar og papegøyar på jungelen, krokodiller, tigrar og elefantar på sumpen, barna er delt inn i blanda grupper med fast personale, desse er Blå, Oransje og Gul.

I tillegg til dei tilsette kan me ha studentar frå høgskulen, praksisplassar frå NAV og elevar frå vidaregåande.

Barnehagen heldt opent måndag til fredag frå 06.45 – 16.30. Det er stengt tre veker om sommaren. I 2027 er dette veke 28, 29 og 30. Me har også 6 planleggingsdagar i året, der barnehagen heldt stengt. For dette barnehageåret er det 10. august, 11. august og 26. november 2026, 4.januar, 29. januar og 07.mai 2027.

Kontaktinfo styrar:

Linda Åsheim

Tlf: 56390428

Mail: reppenbarnehage@hotmail.com

Web sida: reppenbarnehage.no

3 Visjon og verdigrunnlag

Visjonen vår er: "TRYGGE, GLADE BARN- LEIK OG LÆRING HAND I HAND"

For oss i Reppen er det viktig at barna opplever at dei har det trygt og godt i barnehagen. Dersom ein er trygg og trivst har ein eit godt grunnlag for å kunne lære, meistre og utvikle seg. For å skape eit trygg base blir barna møtt av omsorgsfulle og tydelege vaksne som anerkjenner barna, og gjer dei utfordringar tilpassa deira utvikling.

Leikens eigenverdi står sentralt hjå oss. Me vil ha ein barnehage der barna ler, har det kjekt, smilar og får leike på sine premisser. I leiken gjer barna seg mange gode erfaringar, dei meistrar, lærar og trenar opp den sosiale kompetansen. Barnehagen legg til rette for gode læringssituasjonar gjennom leik og støtte, og rettleiar barna i leiken. Me vernar om den gode leiken og skapar rom for at barna får utløp for fantasi og leik.

4 Formål og innhald


Formålet med barnehagen er å gi barna ein trygg og god stad der dei kan leike, utfalde seg, skape og undre seg. «*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling*» (barnehageloven § 1. Formål, 1.ledd). Barna skal utvikle grunnleggande ferdigheiter og kunnskapar, dei skal oppleve vennskap og fellesskap og dei skal få medverke tilpassa alder og forutsetningar. Som visjonen til barnehagen visar, står tryggleik, leik og omsorg sentralt i vår barnehage.

5 Leik, utforsking og livsmeistring som grunnlag for livslang læring

Kvar dag er viktig i barnet sitt liv, og livet i barnehagen har både eit her og no perspektiv og eit framtidsperspektiv. Barnehagen skal skape gode dagar for barna og vi ønsker å styrke barna slik at dei i framtida kan skape seg eit godt liv, både personleg og som samfunnsborgar. Her kan du lese kva vår barnehage vektlegg barnehageåret 2026-2027 for å skape eit godt barnehagetilbod til barna våre.

5.1 Grunnlag for livslang læring

Når barnet er aktivt deltakande og opplever at sine bidrag er verdifulle kan det føre til styrking av viktige og positive eigenskapar hjå barnet. Vi skal kome meir inn på dette, men alt handlar om at barnet skal aktivt delta i prosessane der ein bruker kroppen, leiker eller utforskar saman med andre, og dette vil føre til positive synergieffektar for barnet. Sjå figuren under, som beskriv Osterøy-barnehagane si satsing på leik, utforsking og livsmeistring.



5.2 God omsorg og autoritativ voksenrolle

Å bli møtt med velvilje, varme og tydelege forventningar gjer det trygt å vere barn i barnehagen og skapar gode rammar for barnet si utvikling. For å sikre kvaliteten i møtet mellom barn-tilsett i barnehagen, er målsettinga at alle tilsette utøver er det vi kallar ein autoritativ vaksenstil. Det betyr at barnet møter tilsette som utøver yrket med ein dynamisk kombinasjon av varm relasjonsbygging til barna, og utøving av ein tydeleg vaksenstil når det gjeld å setja krav og grenser.

Målsetting for perioden 2023-2027:

Tilsette i Osterøy-barnehagane byggjer gode relasjonar gjennom å møte alle barn med varme og tydelege forventningar

For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2026-2027 vektlegge:

- **Å ha relasjonsbygging som grunnlag for læring og trivsel gjennom tid, nærvær og positiv samhandling mellom vaksne og barn.**
- **Å ha felles praksis i personalgruppa der de tilsette reflekterer saman for å sikre ein tydeleg, varm og autoritativ vaksenstil i møte med barna.**
- **Tilstedeværande og varme vaksne som ser, anerkjenner og møter kvart enkelt barn med omsorg, respekt og sensitivitet i kvardagen.**

5.3 Medverknad i leik og pedagogisk innhald

Medverknad i utvikling av leik og temabasert arbeid skjer når vi tek utgangspunkt i barna sine interesser, engasjement eller kva dei er nysgjerrig på. Og om leiken eller temaet stagnerer kan barn og tilsette tilføre nye moment for å utvide leiken eller drive temaet vidare.

Når vi tek utgangspunkt i det barna allereie kan og bygger vidare på denne kunnskapen, vil barna stadig få ein progresjon i sin kunnskapsutvikling og dei skapar kunnskap saman med andre.

Når eit barn opplever seg sjølv som aktiv, medverkande deltakar i desse prosessane vil barnet oppleve å vere ein medborgar som har ein viktig plass i fellesskapet. Dette er også ein form for demokratiutøving, barnet sitt første møte med å ha ei stemme i fellesskapet.

Målsetting for perioden 2023-2027:

Barnet opplever at det har verdifulle bidrag i leik, utforsking og problemløysing

For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2026-2027 vektlegge:

- **Å ta utgangspunkt i barna sine interesser når vi planlegg leik, aktivitetar og prosjekt.**
- **Å lytte til barna sine tankar, idear og forslag, og gi dei moglegheit til å påverke sin eigen kvardag.**
- **Å støtte barna i leik, utforsking og problemløysing ved å stille opne spørsmål, undre oss saman og byggje vidare på det barna allereie kan.**
- **Å skape eit miljø der alle barn opplever at deira bidrag er verdifulle, og at dei kan påverke og vere aktive deltakarar i fellesskapet.**

5.4 Leik er sjølv livet

Å vere samen med gode vener og oppleve at andre har lyst å leike saman med deg er motiverande og gøy. For kvart barn er det ei heil reise å lære seg å leike, heilt frå då dei som små spring ved sidan av kvarandre og har det gøy, til ein avansert rolleleik når barnet er blitt større.

På heile denne reisa vil tilsette støtte barna i leikeutviklinga, dei vil støtte barna i å løyse utfordringar som oppstår og stimulere til utvikling av leiken. Dei fysiske romma, kva leikemateriale ein har framme og korleis det vert presentert har også mykje å sei for leiken og samspelet mellom barna.

Målsetting for perioden 2023-2027:

Osterøy-barnehagane har leikesterke barn og leikerkloke tilsette

For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2026-2027 vektlegge:

- **Å styrke rolleleik og fantasileik ved å legge til rette for varierte leikemiljø. Vi vil rotere jamleg på leikematerialet for å skape nysgjerrigheit og utvikling i leiken.**
- **Å ha vaksne som er aktive medspelarar i leik, som byr på seg sjølv med fantasi, humor og innleving. Og som alltid aktivt går inn i leiken på barnas premisser for å inspirere, utvide og berike leikeopplevinga.**
- **Å fremme sosial kompetanse ved å leggje til rette for gode relasjonar, vennskap og inkluderande leik for alle barn.**



5.5 Utforskande pedagogikk som grunnprinsipp

I ein utforskande pedagogikk skal barna bidra med assosiasjonar og erfaringar i problemløysingsprosessar og utforsking. Barna vert oppfordra til å tenke sjølv, vere kreativ og kome med nye innspel og barna har ei reell medverknad i prosessane. Vi har ei målsetting om at barn som er aktiv deltakarar på denne måten vil oppleve meistring og styrke eigenskapar som er viktig for framtidig læring i skulen og livet elles.

Målsetting for perioden 2023-2027:

Barna i Osterøy-barnehagane får gjennom utforsking eit godt grunnlag for livslang læring

For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2026-2027 vektlegge:

- **Å leggje til rette for undring og nysgjerrigheit i kvardagen der barna får stille spørsmål, utforske egne idear og bli møtt med opne spørsmål frå vaksne.**

- **Vaksne som støttar utforsking med å være til stadet, lytte og bidra med nye perspektiv utan å gje fasit svar.**
- **Å arbeide prosjektbasert over tid der barnas interesser og initiativ danner grunnlag for felles utforsking og fordjuping.**

5.6 Livsmeistring – å mestre livet slik det er

Livsmestring handlar om å øve seg på å mestre livet slik det er, øve seg på å handtere utfordringar i lag med andre, og få hjelp og emosjonell støtte til det av foreldre og tilsette i barnehagen. Å øve seg i trygge rammer er viktig for at barna skal oppleve å bli robuste.


For å bidra til at barna får ei god fysisk og psykisk helse vil vi stimulere til at barna utfordrar sine komfort soner og at dei bruker kroppen aktivt. Å oppleve meistring vert svært viktig i denne sammenhengen.

Gode kosthaldsvanar vert danna tidleg. Barnehagen vil skape gode måltidssituasjonar og ha ein pedagogisk tilnærming til å utforske ulike smakar og konsistensar.

Osterøy-barnehagane har tre målsettingar for god fysisk og psykisk helse i perioden 2023-2027:

1. Barna i Osterøy-barnehagane vert robuste gjennom å øve seg på å takle motgang i eit trygt miljø

For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2025-2027 vektlegge:



- **Å støtte barna i å utvikle gode strategiar for konflikthandtering ved å gi dei tid og rom til å prøve å løyse utfordringar seg imellom, samtidig som dei vaksne observerer, rettleier og støttar ved behov.**
- **Å leggje til rette for at barna får prøve, mestre og klare oppgåver sjølve, slik at dei utviklar sjølvstende, tru på egne evner og opplever meistringsglede i kvardagen. Og oppmuntre barna til å prøve på nytt når noko er vanskeleg, og hjelpe dei til å sjå at innsats og øving bidreg til læring og utvikling.**
- **Å møte barna med varme, omsorg og anerkjenning, slik at dei opplever tryggleik og får eit godt grunnlag for å møte utfordringar.**

- Å leggje til rette for risikoleik og utfordrande aktivitetar tilpassa barna sitt utviklingsnivå, slik at dei får erfaring med å vurdere eigne grenser og kjenne meistring.

2. Barna i Osterøy-barnehagane skal oppleve eit rikt miljø som stimulerer til meistringsopplevingar

For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2026-2027 vektlegge:

- Å leggje til rette for varierte og inspirerende leik- og læringsmiljø som fremjar nysgjerrigheit, utforsking og skaparglede.
- Å gi barna gode opplevingar i naturen gjennom turar og uteaktivitetar som utfordrar, engasjerer og skaper meistring.
- Å tilpasse aktivitetar og utfordringar til barna sitt utviklingsnivå, slik at alle får oppleve meistring og utvikling.
- Å ta utgangspunkt i barna sine interesser og gi dei moglegheit til medverknad og eigne val i kvardagen.

3. Osterøy-barnehagane skapar gode måltidssituasjonar og bidreg til at barna får matglede

For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2026-2027 vektlegge:

- Å skape gode måltidssituasjonar prega av ro, fellesskap og gode samtalar, der barna får øve på turtaking, lytting og samspel med andre.
- Å involvere barna i heile matprosessen, frå planlegging og tilbereding til servering og rydding, slik at dei opplever meistring, ansvar og eigarskap.
- Å leggje til rette for matglede gjennom varierte måltid og positive erfaringar med ulike smakar og matvarer.
- Å oppmuntre barna til å utforske og smake på ny mat, samtidig som vi bruker repetisjon og gjenkjenning for å skape tryggleik og matglede.

5.7 Strategi for å hindre utanforskap og krenking

Gjennom vår satsing på lek, utforsking og livsmeistring arbeider vi aktivt for å sikre gode, felles opplevingar i barnegruppene og at kvart barn skal oppleve å høyre til og får ein god tilknyting til andre barn og til dei tilsette. Å kjenne at ein høyrer til har ein god emosjonell forankring og er meir enn å berre bli inkludert. Vi ser på dette som det viktigaste førebyggjande arbeidet for å hindre utanforskap og krenking.

Barnehagelova kapittel 8 set krav til det psykososiale barnehagemiljøet, med nulltoleranse for krenking av barn, krav til å følgje med korleis barna har det, krav til å melde frå, undersøke og sette inn tiltak på grunnlag av ein konkret og fagleg vurdering. Å bli utestengt frå lek er alvorleg for barnet og forskning visar at tilsette i barnehage også kan krenke barn.

Målsetting for perioden 2023-2027:

Barna i Osterøy-barnehagane har eit trygt og godt barnehagemiljø

For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2026-2027 vektlegge:

- **Å møte alle barn med omsorg, anerkjenning og respekt, slik at dei opplever å bli sett, høyrde og verdsette i fellesskapet.**
- **Å støtte barna i å etablere og oppretthalde vennskap ved å hjelpe dei inn i lek gjennom rettleiing, modellering og aktiv deltaking når det er behov.**
- **Å arbeide systematisk for eit inkluderande og trygt barnehagemiljø der alle barn opplever tilhøyrslø, trivsel og gode relasjonar.**
- **Å vere tett på barna i lek og samspel for å førebyggje utanforskap, fange opp krenkingar tidleg og sikre at alle barn opplever tilhøyrslø i fellesskapet.**

5.8 Språket – Viktig for barnet no og i framtida

Den daglege samtalen i lek, i samlingsstunda, ved måltida, i garderoben, i sandkassen eller på dissa er svært viktige arenaer for barna å lære eit rikt talespråk. Dei får utvide ordforrådet, får konkrete erfaringar med begrep, øve på turtaking i samtalar og lytte til kvarandre. Tilsette må kunne føre samtalen

vidare, tilføre nye ord, ikkje forenkle språket for mykje og snakke med borna så mykje som mogeleg gjennom dagen.

Barn med språkvanskar eller eit svakt utvikla språk, strevar også på andre område, sidan svært mange av dagleglivets aktivitetar er avhengig av språket. Det er viktig for barna at vi arbeider systematisk med språk for å skape engasjement, fellesskap og språkutvikling hjå barna.

Osterøy kommune har ein felles overordna *Språkplan for barnehage og grunnskule i Osterøy kommune* (2020). For ytterlegare kompetanseheving på språk og språkutvikling, sjå kompetansepakka [språkløyper](#).

Målsetting for perioden 2023-2027:

Barna utviklar språkforståing og ordforråd gjennom systematisk arbeid med innhald, bruk og form

For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2026-2027 vektlegge:


- **Å ta utgangspunkt i barna sine interesser og initiativ ved å bruke opne spørsmål, undring og samtalar for å stimulere språkforståing, ordforråd og refleksjon.**
- **Å leggje til rette for daglege lese- og forteljarstunder, og bruke bøker som utgangspunkt for samtalar, språkleg utforsking og felles opplevingar.**
- **Å nytte dagsplan med bilete, visuell støtte og samlingsstunder i små grupper for å styrkje språkforståing, omgrepsutvikling og deltaking.**
- **Å vere språkmedvitne vaksne som set ord på handlingar, erfaringar og kjensler, og som aktivt utvidar barna sitt ordforråd gjennom heile dagen.**



6 Gode overganger – frå det kjente til ukjente

6.1 Å starte i barnehagen

Å starte i barnehagen er ei stor endring for både barn og føresette. For oss er det viktig at barna blir trygge og får ein god start i barnehagen. Derfor har me besøksdagar og foreldremøte i forkant av oppstart. I tilvenningsperioden er føresette med gjennom heile dagen og alle barna får ein primærkontakt som skal vere den trygge basen for barnet når føresette ikkje er til stades. Sjå figuren.



6.2 Overgang frå Jungelen til Sumpen

Det året barnet fyller 3 år, vert det flytta frå Jungelen til sumpen. I mai får føresette ytterlegare informasjon knytt til overgangen. I løpet av mai og juni vil barna besøke Sumpen og gjere seg kjent med kvardagsaktivitetane og dagsrytmen der. Det er alltid ein vaksen med frå Jungelen når barna besøker Sumpen. Siste dagen barnet har på Jungelen før sommaren får barnet bære korga si til bytekleda inn på Sumpen. Me prøver også at ein frå personalet på Jungelen startar på Sumpen saman med barna på hausten.

6.3 Overgang barnehage- skule

Barnehagen skal i samarbeid med skulen og foreldra leggje til rette for at overgangen frå barnehagen til skulen vert best mogleg for barna. På våren byrjar for alvor førebuinga til skulestart. I februar er det innskriving på skulane og i løpet av våren er det fleire møter mellom skulen og skulestartarane. På besøksdagane følgjer barnehagen barna til skulen der dei får innblikk i skulekvardagen og treffe andre elevar ved skulen. Dei får og møte fadrane sine. Skulane arrangerer førskuledagar i juni der foreldra følgjer barna. På desse dagane får barna høve til å verte betre kjent med lærarane og dei andre barna dei skal gå i klasse med.

7 Kultur og tradisjonar i Reppen barnehage

Leik: Store delar av dagen er barna i leik og i leiken skjer det mykje verdifull læring. Dei gjer seg erfaringar med samspel og kommunikasjon. Dei lærer å hevde seg sjølv, ein opplever meistring og møter motgang. Leiken kan vere ein kanal for å få ut frustrasjon og bekymringar. For oss er det viktig å tydeleggjere for føresette kor viktig leiken er for den sosiale utviklinga. Leik er mykje meir enn det ein med fyrste augekast tenkjer det er. Leik er ikkje «berre» leik.

Samlingsstund: Samlingsstund er ein naturleg del av norsk barnehagekultur og av barnehagen sin kvardag. Ei samlingsstund er ein planlagt og tilrettelagt stund der ein i fellesskap har fokus på ulike tema som fremjar den sosiale og språklege utviklinga. Nokre gonger i året har me fellessamlingar for heile barnehagen eller basane i Elefantsalen.

Bursdagsfeiring: På bursdagen heng det eit kort på plassen til barnet og me heng ut flagg. Barnet får sitje i ein blå bursdagsstol i samlinga og får krone. Etter ønskje frå foreldregruppa vil me ikkje at bursdagsinvitasjonar blir lagt i hyllene til barna. Ønskjer ein telefonliste, ta kontakt med personalet.


Skulegruppe: Det siste året barnet går i barnehagen er det med på Skulegruppe saman med dei andre elefantane. I barnehagen jobbar me for at barna som skal byrje på skulen er best mogleg førebudd. For dei eldste barna, Elefantane, har me skulegruppe ein gang i veka. Skulegruppa er eit av tiltaka vi har i barnehagen for å førebu barna på overgangen.

Ferdigheiter ein øver på er:

- ✓ Sosiale ferdigheiter
- ✓ Å være sjølvstendige og ansvarlege
- ✓ Øve på å halde orden på eigen plass
- ✓ Vente på tur, både i leik, spel og samtale
- ✓ Konsentrasjon

Barnehagen vil legge til rette for at barna får bli kjend med førskulebarn på tvers i forkant av skulestart gjennom ulike aktivitetar. Dette er for å ha eit større fokus på å bli trygg på kvarandre og ytterlegare kjend med nærmiljøet. Me ynskjer å bevisstgjera barna på å vera inkluderande med sine nye klassekameratar og samstundes skape felles opplevingar og vennskap på tvers. Sjå kapittelet om overgangar for ytterlegare informasjon.

Utegruppe: Kvar veke har barna **minst** ein fast dag dei er ute på tur store delar av dagen eller bruker naturleikeplassen. Dette gir barna varierte naturopplevingar gjennom heile året.



Brannvernveka: Kvart år i september deltar barnehagen i nasjonal brannvernveke der me har fokus på brannvernarbeid saman med brannbamsen Bjørnis.

Forut: Forut barneaksjon er noko barnehagen har gjennomført i mange år. Gjennom arbeidet blir me kjend med barn frå andre delar av verda og me får sjå korleis deira kvardag er. På slutten av prosjektet har me ein kafé for familieane der me sel mat og varar barna har laga i perioden. Me sel òg varar frå Forut. Alt er til inntekt til Forut sitt arbeid. Les meir om Forut her:

<https://forut.no/barneaksjonen/>

Haustsuppe: Besteforeldra til krokodillegruppa blir invitert til barnehagen i løpet av hausten. Barna lagar invitasjonar til besteforeldra. Om ikkje besteforeldre kan komme er andre velkommen som gjest til barnet.

Jul: November og desember brukar me til å gjere oss kjent med julehøgtida og førebur oss på julefeiringa. Me har mange tradisjonar i desember, blant anna juleverkstad, Lucia-tog og Nissefest. I samband med Lucia-dagen kler me oss i kvite klede, har lys og glitter i håret og går i tog for kvarandre på basane. Me har også Nissefest i løpet av desember. Me tar på oss finklede, nissedraktar og nisselue og samlast i Elefantsalen til song og julepregang. Nissen pleier også å komme på besøk

Samefolkets dag: I samband med Samefolkets dag 6.februar blir me kjent med samiske tradisjonar og samisk kultur.

Karneval: I Reppen har me ein markering i februar i samband med fastelavn der me kler oss ut og har fest. Nokre gonger er dette ein temafest som f.eks Låvedans, andre gonger er det ein vennefest der me pyntar oss og dekkjer langbord.



Barnehagedagen: Barnehagedagen blir markert av barnehagar i heile landet kvart år. Då blir det satt fokus på ulike tema og formålet er å synleggjere kva barna får oppleve, erfare og lære i barnehagen.

Påske: I perioden før påske lagar vi påskepynt og gjer oss kjent med kvifor me feirar påske. Me har òg påskefrukost for føresette.

17.mai: Før 17. mai gjer me oss kjent med kvifor vi feirar 17.mai og me markerer dagen i barnehagen med å gå i tog. På Valestrand går Reppen i 17. mai-toget med eigen fane. Dette er det foreldrerepresentantane som har ansvar for.

Båttur: Kvart år inviterer Alvar og Mallika tigergruppa med på båttur. Turen går då til Håøyna der me leikar, utforskar havet og fjøra med saman Alvar. De som vil kan bli med å gå ein tur. Vi et god mat og dersom været tillate det så badar me litt og.



Overnatting i barnehagen for Elefantane: I mai/juni det siste året i barnehagen får elefantane overnatte. Dette markerer slutten på barnehagetida og er avslutninga for elefantane. Føresette blir invitert med på kvelden når me delar ut diplom, perm og ei overrasking til barna.

Mangfald: I løpet av året markerer me inkludering og mangfald. I eit samfunn i stadig endring skal barnehagen være med å fremja openheit, toleranse og respekt. Alle skal oppleve å bli respektert og verdsett uavhengig av kjønn, religion, kultur, legning, funksjonsevne ol.



Sommarfest: Kvart år har gruppene avslutning før sommaren. Det er foreldrerepresentantane som har ansvaret for gjennomføring av festen, men har dialog med barnehagen om korleis festen skal gjennomførast. Nokre år er den gruppevis, andre gonger basevis eller heile barnehagen.

8 Årshjul

I årshjulet får ein oversikt over planleggingsdagar og kva tradisjonar vi har gjennom året. Fargekodane indikerer periodar der basane har felles tema og mål, her vil de få ytterlegare informasjon i periodeplanar som vil bli publisert på Kidplan. Dato og meir informasjon kjem på vekeplanane i kidplan.

Tradisjonar i barnehagen/ting å hugse på 2026-2027		
August:		Barnehagen opnar 03.08.26 10.08 planleggingsdag 11.08 planleggingsdag Båttur for Elefantar (flyttet frå i vår)
September:	Nysgjerrige barn i nærmiljø og samfunn	Veke 38 Brannvernveka Veke 40. Foreldremøte
Oktober:		Veke 40-43 Forut 41 Haustferie Veke 43 Forutkafè 29. Felles foreldremøte Osterøy barnehagane
November:		06.11 Planleggingsdag Veke 46 Haustsuppe for besteforeldra til krokodillane
Desember: Advent		Veke 50 Lucia feiring Veke 51 Nissefest, med grøt til lunsj
Januar:	Kreative barn i møte med forskjellig kunst og kultur	04.01 Planleggingsdag 29.01 Planleggingsdag
Februar:		Veke 5 – Samenes nasjonaldag 06. feb. Veke 8 Karneval
Mars:		Veke 9-10 Barnehagedagen 09. mars Veke 9 Vinterferie Veke 11 Påskefrukost 24.-29. Mars Påskeferie
April:	Tryggleik og sikkerhet i natur i nærmiljø	
Mai:		07.05 Planleggingsdag Veke 19 – førebuing og markering av 17 mai 17 mai- toget på Valestrand (foreldreregi)
Juni:		Båttur for tigrane Veke 22 Positivt mangfald veke. Henge opp flagg Veke 23/24 - Overnatting for elefantane Sommarfest i regi av foreldra
Juli:		Feriestengt veke 28, 29 og 30

9 Samarbeid mellom heim og barnehage

Barnehagen sitt mål for foreldresamarbeidet er å skape eit ope og tillitsfullt forhold mellom barnehage og heim. Barnehagen må respektere foreldra sine ønskje og ta omsyn til dei i tilrettelegginga for barna samtidig som føresette må ha innblikk i og forståing for barnehagekvardagen.

Kontakten mellom barnehage og foreldre går føre seg først og fremst i dei daglege bringe og hentesituasjonane. Her kan ein utveksle nødvendig informasjon om barnet og snakke om korleis barnet har hatt det i barnehagen. To gonger i året får føresette tilbod om foreldresamtale. Me ønskjer at foreldra skal kjenne at dei er med på å forme innhaldet i barnehagen. Gjennom foreldremøte (1-2 gonger i året), samtaler og undersøkingar får foreldra høve til å påverke arbeidet i barnehagen.

Barnehagen nyttar ei nettbasert kommunikasjonsløysing; Kidplan. Her vil informasjon om barnet vere samla og barnehagen legg ut månadsplanar og synleggjer det pedagogiske arbeidet. Foreldra kan enkelt ha oversikt over planane, registrere fråvær og sende meldingar til barnehagen.

9.1 Foreldrerådet, Foreldreutvalet og Samarbeidsutval

Lov om Barnehagar. § 4. Foreldreråd og samarbeidsutval "For å sikra samarbeid med barnas heim, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg." I Reppen er alle foreldra ein del av foreldrerådet. Foreldra vel 5 representantar, ein frå kvar gruppe, dette utgjer Foreldreutvalet (FU). I FU vel ein leiar og ein nestleiar, desse vil vere foreldra sine representantar i samarbeidsutvalet i Reppen barnehage. Ein vert valt for to år om gongen. Samarbeidsutvalet, SU, består av føresette, tilsette i barnehagen og barnehagen sin eigar. Me har to faste møter i året i samarbeidsutvalet, eit om hausten og eit om våren/sommar.

10 Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vere ein pedagogisk verksemd som skal planlegge, dokumentere og vurdere arbeidet sitt jamleg. Barn og føresette har rett til medverknad i desse prosessane.

10.1 Planlegging:

Barnehagen har 6 planleggingsdagar i året. I tillegg har vi pedagogmøter og personalmøte. Møta vert brukt til å planleggje det pedagogiske arbeidet i barnehagen og resulterer i årsplanar og månads planer/periode planer for kvar gruppe. I Reppen barnehage skal planlegginga av det pedagogiske arbeidet baserast på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, barnesamtaler, foreldresamtaler og innspel frå samarbeidsutvalet.

10.2 Dokumentasjon

Dokumentasjon viser korleis barnehagen arbeider for å oppfylle krav i barnehagelova, rammeplan og årsplan. Dokumentasjon ligg til grunn for refleksjon, evaluering og vidareutvikling av arbeidet. Den viser også arbeidet vårt til føresette, kommunen, lokalsamfunnet og eigar.

Dokumentasjonsverktøyet i vår barnehage er: Rapportar på kidplan,

observasjonar, brukarundersøkingar, foreldresamtalar, medarbeidarundersøkingar og didaktiske planer.

10.3 Vurdering

Systematisk vurdering vil leggje grunnlaget for barnehagen som ein lærande organisasjon. Den sikrar at me kontinuerleg endrar og tilpassar arbeidet i barnehagen, behova i barnegruppa, personalgruppa og foreldregruppa. Me brukar personalmøta og gruppemøta til å vurdere arbeidet med lek, utforsking og livsmeistring. På foreldresamtaler og gjennom brukarundersøkingar får føresette vurdere barnehagen sitt arbeid.